Bioforsk Rapport
Vol. 1 Nr. 134 2006

Evaluering og forslag til revidering av grovfôrdelen av Fôrtabellen 2006

Oppdrag for Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap (IHA)

Astrid Johansen
Bioforsk Midt-Norge Kvithamar

Hovedkontor
Frederik A. Dahls vei 20,
1432 Ås
Tel.: 64 94 70 00
Fax: 64 94 70 10
post@bioforsk.no

Senternavn
Sted
Adresse
Tel.:
Fax: 64
@bioforsk.no

Tittel/Title:
Evaluering og forslag til revidering av grovfôrdelen i Fôrtabellen 2006
Forfatter(e)/Autor(s):
Forfatter(e)/Autor(s): Astrid Johansen

Dato/Date:	*Tilgjengelighet/Availability:*	*Prosjekt nr./Project No.:*	*Arkiv nr./Archive No.:*
30.09.2006	Åpen	1310149	61
Rapport nr.Report No.:	*ISBN-nr.:*	*Antall sider/Number of pages:*	*Antall vedlegg/Number of appendix:*
Vol 1, 134 2006	ISBN-10: 82-17-00119-7 ISBN-13: 978-82-17-00119-5	30	4

Oppdragsgiver/Employer:	*Kontaktperson/Contact person:*
Universitetet for miljø- og biovitenskap, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap	Professor Odd Magne Harstad

Stikkord/Keywords:	*Fagområde/Field of work:*
	Grovfôr

Sammendrag

Summary:

Land/fylke:	Nord-Trøndelag
Kommune:	Stjørdal
Sted/Lokalitet:	Stjørdal

Ansvarlig leder/Responsible leader

Erik Revdal

Prosjektleder/Project leader

Astrid Johansen

Forord

I fylgje kontrakten mellom oppdragsgjevar og oppdragstakar har oppdraget hatt fylgjande mål:

"Evaluering og forslag til revidering og forbetring av grovfôrdelen i Fôrtabellen"

og delmål:

- *Vurdere eksisterande bakgrunnsdata m.o.t. kvalitet og representativitet for norsk grovfôr*
- *Peike på eventuelle behov for supplerande analyser og mulegheiter for å ta inn nytt datamateriale*
- *Eventuelle samordningsmulegheiter med NORFOR*
- *Foreslå ny, hensiktsmessig organisering og gruppering av ulike grovfôrkvalitetar*

I føreordet til Fôrtabellen 2006 går det fram at Fôrtabellen skal vere eit reiskap i arbeidet med å framstille fôr og kontrollere fôrvarer. Dette er mest aktuelt for kraftfôrindustrien og for Mattilsynet som skal kontrollere produkta frå kraftfôrindustrien. Grovfôrdelen av Fôrtabellen er derimot mest tenkt og brukt som oppslagsverk når ein har bruk for retningsgjevande opplysningar om samansetjinga og verdien av typiske grovfôrslag i samband med fôrplanlegging og når analyser av grovfôret manglar. Opplysningar frå Fôrtabellen er også ofte referert i lærebøker og anna undervisningsmateriell til bruk ved landbruksskolar, høgskular og universitet. Det er derfor grunn til å hevde at mange av dei potensielle brukarane er relativt urøynde, og i liten grad i stand til sjølv å vurdere kvaliteten på talmaterialet som vert presentert. Til liks med andre fôrvarer bør derfor også grovfôrdelen av fôrtabellen gi eit mest muleg representativt utval av aktuelle, norske fôrtypar. Forskjellane som kjem fram mellom dei ulike fôrslaga må dessutan vere ålmenne og typiske.

Utgangspunktet for oppdraget var at det både er avdekt opplagte manglar og "logiske bristar" i denne delen av Fôrtabellen. Vidare har det frå ulike hald vore hevda at ein med fordel kan redusere talet på fônummer slik at typiske kvalitetsforskjellar (til dømes "seint" og "tidleg" hausta) kjem klårare fram. Det har også vore halde fram som viktig å avdekke om, og eventuelt kor ein bør sette inn ressursar for å skaffe fram data som gjer det muleg å bruke opplysningar frå Fôrtabellen til berekning av fôrverdiar/rasjonsverdiar etter nye, substratbasert fôrmiddelvurderingssystem (NORFOR og andre).

Oppdragstakar håper at rapporten og resultata svarer til forventningane. Konklusjonar og forslag til tiltak slik dei er presentert i rapporten står for oppdragstakar si rekning. Det er imidlertid opp til oppdragsgjevaren, og til sjuande og sist Mattilsynet og referansegruppa for Fôrtabellen å ta stilling til det som er lagt fram.

Innhold

1. Sammendrag 4
2. Innleiing 5
3. Metodar 6
4. Resultat og diskusjon 7
   4.1 Kommentarar til hovudgruppene av grovfôr 7
      4.1.1 Fôrnummer 323-329; Belgvekstar 7
      4.1.2 Fôrnummer 330-354; Gras, 1.slått 8
      4.1.3 Fôrnummer 358-360; Gras, 2.slått 9
      4.1.4 Fôrnummer 361-362; Beite 9
      4.1.5 Fôrnummer 370-392; Ferskt materiale 10
      4.1.6 Surfôr av engvekstar 11
      4.1.7 Fôrnummer 397-407; Surfôr av kløver og gras/kløver, 1.slått 12
      4.1.8 Fôrnummer 412-435 Surfôr av timotei/engsvingel i reinbestand og i blanding 14
      4.1.9 Fôrnummer 437-446; Surfôr av andre grasslag, 1.slått 14
      4.1.10 Fôrnummer 470-472; Surfôr av grasblandingar med kløver, 2.-3.slått 15
      4.1.11 Fôrnummer 473-478 og 483; Surfôr av fleirårige gras i reinbestand, 2. slått 16
      4.1.12 Fôrnummer 479-482; Surfôr av "eittårige"gras, 2.-4.slått 16
      4.1.13 Fôrnummer 490- 540; Anna surfôr 17
      4.1.14 Fôrnummer 598-761; Høy 18
      4.1.15 Fôrnummer 800-816; Halm 18
   4.2 Eksisterande data – einskilde parametrar 19
   4.3 Forslag til ny organisering av grovfôrdelen i Fôrtabellen 20
      4.3.1 Norfor 20
      4.3.2 Organisering av datamaterialet i Fôrtabellen 2006 på grunnlag av meltegrad 21
      4.3.3 Forslag til inndeling i hovudgrupper, undergrupper og fôrnummer 22
   4.4 Behov for supplerande datamateriale og nye analyser 27
5. Konklusjonar 29
6. Vedlegg 30

1. Sammendrag

- Subjektiv, og dermed ulik vurdering av fenologisk utviklingstrinn er årsak til store variasjonar i kjemisk samansetjing og næringsverdi av fôr frå ulike forsøk innom same fôrnummer i Fôrtabellen 2006.
- Same forhold kan langt på veg forklare mangelfullt samsvar mellom gras, høy og surfôr av same utgangsmateriale, og likeeins mellom grasslag dyrka i reinbestand og dei same grasslaga dyrka i blanding.
- Samansetjing og næringsverdi for ei rekke mindre vanlege fôrslag er basert på ei prøve.
- Eksisterande datagrunnlag er tynt med omsyn til fylgjande parametrar for dei fleste fôrslaga:
    - ulike typar karbohydrat (NDF, totalsukker, vassløyselege sukker, stive) og
    - ulike protein-fraksjonar (løyseleg protein, potensielt nebrytbart protein, totalt nedbrytbart protein)
    - nedbrytingskarakteristikkar av NDF
- Det vert reist tvil om kvaliteten av NDF-analyser av eldre årgang.
- Forsøk med ulike etterbehandlingar (hausteutstyr, konserveringsmiddel, lagring) av same utgangsmateriale har stor innverknad på gjennomsnittsverdiane i Fôrtabellen.
- Det vert foreslått å slå saman ei rekke eksisterande fôrnummer slik at talet på fôrnummer kan reduserast
- Eksisterande datamateriale for gras, surfôr og høy vert foreslått omgruppert på grunnlag av meltegrad av organisk stoff (FKOS) i fem eller fire (høy) ulike grupper; (svært høg), høg, middels, låg, svært låg meltegrad.
- Det er behov for påfyll av nytt datamateriale for fylgjande fôrgrupper:
    - Beitegrøde/svært tidlege haustetidspunkt av gras
    - Svært tidleg hausta surfôr av gras og gras/kløver
    - Raigras av alle slag; Engelsk, italiensk og westerwoldsk
    - Grønnfôr av erter og korn i reinbestand og blanding
- Fylgjande fôrkvalitetar er ikkje representert i Fôrtabellen 2006, men bør vurderast tatt inn:
    - Surfôr av gjenveksten (2., 3. og 4.slått) av fleirårige engvekstar
    - Kvitkløver i reinbestand og i blandingar med gras
    - Sterkt fortørka surfôr (haylage)
    - Økologisk dyrka fleirårig eng

2. Innleiing

Fôrtabellen 2006 (http://www.umb.no/iha/fortabell/index.php) omfattar godt og vel 210 ulike grovfôrkvalitetar med nærmare 70 ulike parametrar (aminosyrer og feittsyrer ikkje medrekna). Tabellen gjev opp gjennomsnittsverdiar og standardavvik (STD) for kvart fônummer/kvalitet. Desse verdiane kjem fram på bakgrunn av ein database av analyseresultat, utrekna næringsverdiar og opplysningar om haustetidspunkt og botanisk samansetjing frå eit stort utval av norske undersøkingar og forsøk. Eitt av kriteria for å ta inn forsøksresultat i denne databasen har så langt vore at det er utført vanlege, kjemiske analyser av fôret. NIRS-analyser av ulike fôrslag er såleis ikkje tatt inn i datagrunnlaget for dagens Fôrtabell. Verdiar frå andre fôrtabellar, både tidlegare norske fôrtabellar og utanlandske er henta inn der ein har mangla enkeltparametrar eller det er relevante fôrslag ein ikkje har funne (nye) norske tal for.

Dei ulike fôrkvalitetane er delt inn i fylgjande hovudgrupper; belgvekstar, gras (1. og 2.slått), ferskt materiale, surfôr (1.slått, 2. og 3.slått), anna surfôr, høy (1. og 2.slått), kunsttørka høy og halm. Gras, surfôr av gras og høy utgjer hovudtyngda og syner framstiller ulike grasartar, belgvekstar og blandingsgrøde i fersk eller konservert form, hausta ved ulike utviklingstrinn. Utviklingstrinnet er relatert til tidspunkt for skyting (før, ved eller etter skyting) samt blomstring. *Opplysningar om botanisk samansetjing og utviklingstrinn gitt av forfattarane i publikasjonane der datamaterialet er henta frå, er såleis avgjerande for kva fônummer/kvalitet det aktuelle datasettet er plassert inn under.*

Bakgrunnen for ei slik inndeling er at kvaliteten av fôret under dei fleste vilkår vert redusert med stigande utviklingstrinn/utsett haustetidspunkt. Problemet er at ulike definisjonar av begynnande skyting og full skyting har vore i bruk i ulike miljø og til ulike tider. I tillegg gir dei ulike måtane å fastsette utviklingstrinn betydeleg rom for subjektive vurderingar. På bakgrunn av dette bør det ikkje overraske at ein gjennomgang av bakgrunnsmaterialet avslører store variasjonar i fôrkvaliteten mellom ulike datasett innom eitt fônummer, og at denne variasjonen til dels er større enn forskjellane mellom ulike fônummer. For dei fleste gruppene har ein såleis konkludert med at opplysningar om utviklingstrinn/haustetidspunkt er eit lite eigna grunnlag å gruppere datatilfanget etter.

Alt overvegande er bakgrunnsdata for grovfôrdelen i Fôrtabellen 2006 basert på publiserte resultat frå forsøk gjennomført ved UMB (Tidlegare NLH) Ås og ulike einigar av Bioforsk (tidlegare SFL og Planteforsk); Særheim, Fureneset, Tjøtta og Vågønes. Dette representerer eit betydeleg breidde med omsyn til ulike klimatiske vilkår for grovfôrdyrking i vårt land. På den andre sida kan bakgrunnsdata for einskilde fôrslag ha liten geografisk spreiing.

3. Metodar

Alle bakgrunnsdata for gras, surfôr og høy er kopiert frå internettversjonen av Fôrtabellen 2006 og lagt inn i Excel rekneark. I tilknytting til dette vart det også lagt inn nye grupperingsvariablar for surfôr, mellom anna for slåttenummer og konserveringsmiddel. Føremålet med dette var å bruke databasen som utgangspunkt for å utarbeide forslag til omstrukturering og omgruppering i ein framtidig versjon av fôrtabellen.

Oppdragstakar har gått igjennom alle grovfôrkvalitetar med bakomliggjande database (prøver) i Fôrtabellen 2006 og på eit subjektivt grunnlag kommentert representativitet og breidde, eventuell "harmoni" eller "disharmoni" innom og mellom ulike fôrslag samt eventuelle svikt i datagrunnlaget på einskilde parametrar og/eller fônummer. Det er særleg fokusert på parametrar som er nødvendige for å berekne fôrverdien i samsvar med moderne fôrmiddelvurderingssystem. I rapporten er fônumra inndelet i hovudgrupper (gras, surfôr, høy, etc.) med undergrupper av fôrslag som er relativt like eller som det er naturleg å samanlikne. Det er gitt kommentarar til kvar slik undergruppe og gitt forslag til tiltak og forbetringar for den aktuelle gruppa. For detaljerte kommentarar til kvart einskild fônummer visast til Vedlegg 1 (Tabell 1-25).

Oppdragstakar har fått tilsendt skisser/uferdige forslag til NORFOR sin planlagde fôrtabell. Dette gav nyttige innspel til den siste delen av oppdraget (forslag til ny struktur). NORFOR v/Lars Bævre og Harald Volden er også førespurt om å oversende eit relativt omfattande og nytt datamateriale på NDF (innhald og nedbrytingskarakteristikkar) men har ikkje respondert på denne førespurnaden. Dette har likevel ikkje vore til hinder for å utføre oppdraget i samsvar med kontrakten.

4. Resultat og diskusjon

4.1 Kommentarar til hovudgruppene av grovfôr

I det fylgjande vert kvar enkelt hovudgruppe kommentert på generelt grunnlag. Generelle betraktningar om behov for utviding av datagrunnlaget for enkeltparametrar er gitt avslutningsvis. For detaljar knytt til kvart einskild fôrnummer visast til Vedlegg 1. Forslag til samanslåingar og forbetringar som er gjort i denne bolken må langt på veg sjåast uavhengig av forslaget til ny struktur i avsnitt 4.2.

4.1.1 Fôrnummer 323-329; Belgvekstar

(Sjå også Tabell 1 i Vedlegg 1)

Gruppa omfattar fem fôrnummer, derav tre ulike kvalitetar av raudkløver og to kvalitetar av luserne.

- Datatilfanget er gjennomgåande spinkelt ettersom fleire av datasetta berre omfattar analyser av råprotein og mineral og eit mindretal av dei resterande datasetta omfattar meltingskoeffisientar og nedbrytingskarakteristikkar.
- Betydelege variasjonar i oppgitt haustetidspunkt, samt kjemisk samansetjing og næringsverdi innom same fôrnummer.
- Gruppa omfattar i dag kun to artar av fleirårige engbelgvekstar. Kvitkløver (og alsikekløver) har vesentleg større dyrkingsomfang i Noreg enn luserne, og høyrer naturleg med i gruppa.
- Bioforsk har eit betydeleg talmateriale basert på NIRS-analyser, både for rein raudkløver, kvitkløver og luserne, dei fleste representert med ulike haustetidspunkt/utviklingstrinn.
- På bakgrunn av namnet på gruppa – belgvekster - verkar det ulogisk at dei eittårige belgvekstane er gruppert under "Ferskt materiale" og ikkje her.

Forslag:

1. Nytt namn på gruppa; ***Fleirårige engbelgvekstar***

2. Datatilfanget bør utvidast til også å omfatte kvitkløver, kanskje også alsikekløver. Bakgrunnsmaterialet for raudkløver bør utvidast. Dette kan ein oppnå ved å:

a) Hente inn datamateriale basert på talmateriale frå fôrtabellar/databaser i andre land

b) Hente inn eksisterande datamateriale basert på NIRS-analyser i Bioforsk

c) Samle inn nytt prøvemateriale av raudkløver og kvitkløver hausta på bladstadiet og i blomstring og analysere desse med fullverdige kjemiske analyser, samt in vivo og in sacco meltingsforsøk.

3. Bladstadiet og i blomstring vil gje ein tydelegare indikasjon på kvalitetsforskjellar enn "tidleg" og "sein". Alternativt kan nytt og eksisterande datamateriale delast i to grupper på bakgrunn av låg og høg FKOS.

4. Det er liten grunn til å skilje mellom første og andreslått.

4.1.2 Fôrnummer 330-354; Gras, 1.slått

(Sjå også Tabell 2- 5 i Vedlegg 1)

Gruppa omfattar 25 fôrnummer, fordelt mellom sju ulike fleirårige grasslag i reinbestand, italiensk raigras (1½-årig) og blandingar av fleirårige grasslag – alle med to eller fleire haustetidspunkt.

- Alle dei viktigaste/mest dyrka grasslaga er representert, men kvalitet og omfang på datamateriala varierar.
- Raisvingel er ikkje representert.
- Det er vesentleg større omfang (tal prøver) i datatilfanget for timotei og engsvingel i reinbestand og i blanding, samanlikna med dei andre grasartane (Vedlegg 1: Tabell 2 og 5). Dette er likevel ikkje urimeleg, ettersom desse artane også har størst dyrkingsomfang.
- Talmaterialet indikerer at kvaliteten av timotei i reinbestand hausta ved høvesvis skyting (331) og 1-2 veker etter skyting (332) er vesentleg dårlegare enn surfôr av tilsvarande utgangsmateriale (Fôrnr 413-419). *Dette kan ikkje vere korrekt og bør ikkje få stå slik.* For timotei hausta 1-2 veker før skyting er det derimot godt samsvar mellom gras og surfôr.
- Talmaterialet indikerer også at timotei i reinbestand har dårlegare kvalitet enn engsvingel hausta ved "same" utviklingstrinn. *Dette i motsetnad til tradisjonell oppfatning*.
- Det er til dels store kvalitetsforskjellar innom same fôrnummer og i somme høve er det bristande samanheng mellom haustetidspunkt og kvalitet. Subjektiv fastsetjing av utviklingstrinn kan truleg forklare ein stor del av den bristande logikken og innom-fôrnummer-variasjonen.
- Det ser ikkje ut til at nokon av blandingskvalitetane innheld meir enn 20% kløver.
- Datatilfanget for "Fleirårig raigras" (338, 339 og 340) synest både å vere for spinkelt, gamalt og til del svært høge gjødslingsnivå i høve til dagens gjødslingsnormer. Bakgrunnen for påstanden om sterk gjødsling byggjer på svært høge talverdiar for RP.
- Den formelle nemninga av "Fleirårig raigras" er *Engelsk raigras*.
- Den formelle/korrekte nemninga av fôrnummer 349 og 350 er *Italiensk raigras,* ikkje "ettårig raigras". Dette fordi talmaterialet representerer sorten Tewera (1½ -årig). 'Tetila' var derimot ein eittårig type raigras, som formelt vert nemnt som *Westerwoldsk raigras.*
- 'Tewera' har for lengst gått ut av sortsutvalet for italiensk raigras. Nye sortar har vesentleg lågare andel strekte skot i såingsåret samanlikna med dei gamle sortane. Det er derfor grunn til å hevde at eksisterande datatilfang av italiensk ragiras er lite representativt for dette grasslaget.
- Ein kan ikkje sjå bort frå at nytt sortsmateriale og gjødslingspraksis kan gi andre karaktertrekk også for engrapp, hundegras og bladfaks samanlikna med eksisterande datatilfang som er av relativt gamal årgang og dessutan spinkelt og med store forskjellar

innom same fôrnummer. Engrapp vurderast å ha større betydning dyrkingsmessig enn dei to andre.

Forslag:

*1. Nytt namn på gruppa; (**Fleirårige) gras og grasblandingar, 1.slått, <35%(?) kløver***

2. Skaffe fram nytt datagrunnlag for Italiensk raigras (og Westerwoldsk raigras). Eventuelt flytte desse grasartane til ny gruppe (Eittårige engvekstar) eller til "Ferskt materiale" (betrakta som grønnfôr).

3. Skaffe fram nytt og utvida datagrunnlag for engelsk raigras, kanskje også for engrapp.

*4. Skaffe fram nytt datagrunnlag for ei ny gruppe**: (Fleirårige) gras og grasblandingar, 1.lsått, > 35% (?) kløver**.*

4.1.3 Fôrnummer 358-360; Gras, 2.slått

Gruppa omfattar berre tre fôrnummer; 358 (Blanding), 359 (Timotei) og 360 (Engsvingel) med høvesvis 10, 4 og 2 datasett som bakgrunnsdata. Datagrunnlaget må seiast å vere svært spinkelt og viktige parametrar (NDF og nedbrytingskarakteristikkar av NDF, nedbrytingskarakteristikkar av protein, sukker) manglar i fleire av datasetta. Ingen av datasetta omfattar blandingar med kløver. Med ein trend mot fleire og tidlegare slåttar kan det vere grunn til å utvide datatilfanget med omsyn til gjenveksten av fleireårige gras (2.-4.slått).

Forslag:

1. *Slå saman alle eksisterande datasett til eitt fôrnummer: **Gras og grasblandingar, 2.slått.***
2. *Utvide datagrunnlaget, mellom anna med nye resultat frå "Mer og Bedre grovfôr".*
3. *Søkje å utvide datagrunnlaget slik at ein i framtida kan dele gjenveksten i minst to ulike kvalitetar; kort og lang veksttid etter førre slått, kanskje også to botaniske kvalitetar; med og utan kløver.*

4.1.4 Fôrnummer 361-362; Beite

I Fôrtabellen 2006 er beitegrøde representert med berre to ulike kvalitetar; forsommar (361) og ettersommar (362). Totalt er det 53 datasett i bakgrunnsmaterialet.

- I nettutgåva er begge kvalitetane namngitte som "Kulturbeite" - i papirutgåva som "Beite". Ut frå opplysningane under Merknader ser det ut til at det også er mange prøver frå innmarksbeite. *Ein bør derfor korrigere nettutgåva si namnsetjing til "Beite(grøde)"..*
- Datatilfanget er svært variert, men det kan sjå ut til at det er ei viss overvekt av økologisk dyrka beiteareal (Ås).
- Verken botanisk samansetjing eller plantehøgde er oppgjeve i bakgrunnsmaterialet.

- Gjennomsnittsverdiane som kjem fram i fôrtabellen synest rimelege for dei fleste parametrane. Likevel kan det vere grunn til å hevde at innhaldet av NDF er vel høgt, til beitegrøde å vere.
- Ein betydeleg del av materialet har "målte" nedbrytingskarakteristikkar av RP og NDF.
- Det er registrert datasett karakterisert som beite (elles som kan karakteriserast som det) under andre fôrnummer, t.d. fôrnr 351 og 353.
- Sjølv om det er relativt mange datasett bak begge dei to beitekvalitetane, synest datatilfanget og ikkje minst bakgrunnsopplysningane noko mangelfullt.
- Beitegrøde av fleirårige engvekstar kan med fordel stillast saman med/inn under "gras-gruppa".

Forslag:

1. *Datatilfanget bør supplerast, og gjerne relaterast til komprimert plantehøgde ettersom dette er eit viktig styringsreiskap i beitedrifta og samtidig ein god indikator på fôrkvalitet.*
2. *Supplementet bør omfatte både reine grasbeite og gras/(kvit)kløver-beite.*

4.1.5 Fôrnummer 370-392; Ferskt materiale

Dette er samansett gruppe, med eit tjue-tals fôrslag som oftast går under nemningane grønnfôr og/eller heilsæd, herunder: bladmasse av korsblomstra vekstar og roer, eittårige belgvekstar, kornartar, korn-belgvekstblandingar ved ulike haustetidspunkt, samt mais. Nokre av fôrnumra representerer kvalitetar som er lite aktuelle både for dyrking og utnytting som fôr her i landet (solsikke, lupin, gulrotblad, oljereddik).

- Datatilfanget for dei aller fleste fôrnummer er svært spinkelt
- Ni av tolv datasett i bakgrunnsmaterialet for bygg (389) representerer ulike haustemetodar (innhaustingsutstyr) med utgangspunkt i same (?)plantebestand
- For Mais (391) er det gitt opplysningar kor vidt plantene er dyrka med eller utan plast. Dette er fullstendig uinteressant samanlikna med opplysningar om t.d. andel kolbar av totalavlinga.
- Også for andre fôrkvalitetar saknast opplysningar om utviklingstrinn eller andre typiske karaktertrekk for kvaliteten på plantematerialet. Dette gjeld fôrraps (vekstdøgn frå såing?), korn (skyting? Mjølkemodning ? Deigmodning? Gulmodning?), erter (blomstring? Delvis eller full skolmdanning/utvikling?).
- Talmaterialet for rotvekst-, bete- og roeblad er av eldre årgang (1983, 85, STIL-92). På bakgrunn av bruksomfanget ser ein likevel liten grunn til å prioritere desse fôrkvalitetane når datatilfanget skal utvidast.

Forslag:

1. *Slå saman alle fôrnummer som gjeld blad av korsblomstra rotvekster, eventuelt også roe- og sukkerbeteblad (Fôrnr 372, 373, 374 og 375).*
2. *Utvide datatilfanget for havre og erter.*
3. *Finne eit meir objektivt mål enn haustemånad å gruppere i ulike haustetider/utviklingstrinn av korn og erter på. Utviklingstrinnet kan ein t.d. oppgi på tradisjonelt vis:*
    a. *skyting, mjølkemodning, deimodning og gulmodning (korn)*
    b. *tidleg blomstring, blomstring, tidleg skolmdanning, fullt utvikla skolmar, modning (erter)*

   Ein kan også bruke internasjonalt anerkjende skalaer; Zakoks (korn), BBCH. Eit anna alternativ er å gruppere datatilfanget etter stigande/synkande FKOS.
4. *Legge inn opplysningar om kolbe-andel på datasetta som gjeld fôrmais framfor opplysningar om dyrking på plast/utan plast.*

4.1.6 Surfôr av engvekstar

Før det vert gitt kommentarar til ulike grupper av grassurfôr er det ein del generelle trekk som er felles for dei fleste gruppene og som derfor vert kommentert innleiingsvis:

- For ei rekke surfôrkvalitetar representerer eit betydeleg antal prøver i bakgrunnsmaterialet ulike ledd frå eitt og same konserveringsforsøk. Det er grunn til å rekne med at utgangsmaterialet har vore det same for alle behandlingar/ledda i desse konserveringsforsøka. I somme høve har ein samanlikna ulike konserveringsmiddel, i andre tilfelle hausteutstyr eller lagringsforhold. Med svært få unnatak ser det ut til at gjæringskvaliteten har vore lite påverka av etterbehandlinga. Det er såleis svært små forskjellar i kjemisk samansetjing, gjæringskvalitet og næringsverdi mellom ledda og dermed utvalet med datasett. Konserveringsforsøk med mange ledd vil dermed ha stor innverknad på gjennomsnittsverdien for det aktuelle fôrnummeret. *Referansegruppa bør diskutere om dette er akseptabelt. Alternativet er å fjerne alle datasetta, unnateke eitt som bør vere det leddet/datatsettet som representerer det normale/mest vanelege.*
- Det store fleirtalet av prøver gjeld direktehausta surfôr. Datatilfanget gir derfor ikkje grunnlag til å skilje ut fortørka materiale som ein eller fleire særskilde fôrkvalitetar. Så framt surfôret er velgjæra er det heller ingen grunn til dette, fagleg sett.
- På den andre sida kan dei fortørka prøvene i høve med få prøver bak eitt fôrnummer påverke TS-innhaldet relativt mykje. Spørsmålet *om fortørka materiale likevel bør skiljast ut frå resten, bør derfor diskuterast av referansegruppa.* I tabellane i Vedlegg 1 er talet på datasett som gjeld fortørka materiale oppgitt under TS.

- I føreordet til Fôrtabellen er det gjort greie for ulike måtar som er brukt for å skaffe fram tal for nedbrytingsgraden av protein (NGP) og sann meltegrad av ikkje-nedbrote protein (SFINP) der desse parametrane ikkje er bestemt gjennom in sacco-forsøk. Det er i hovudsak to alternativ: NGP er berekna eller det er brukt ein "fast" verdi. Det kan imidlertid sjå ut til berekna NGP jamt over er lågare enn den faste verdien. Denne påstanden vert framsett på bakgrunn av ei subjektiv vurdering av ulike datasett under same fôrnummer, men det er ikkje gjort systematiske samanlikningar. Dette er likevel eit forhold ein bør sjå nærmare på ettersom NGP også påverkar utrekna AAT og PBV-verdi. *Det bør vurderast å bruke faste verdiar framfor berekna verdiar av NGP (og SFINP) i alle høve der ein ikkje har målt desse parametrane.*
- I nokre høve er det referert til andre måtar å berekne NGP (og SFINP) på enn dei som er oppgjeve i føreordet, m.a. Spørndly . Inntrykket har vore at NGP i slike høve avvik betydeleg frå verdiane av NGP i dei andre datasetta under same fôrnummer.
- I tabellane (Vedlegg 1) har ein for enkelte fôrmiddel foreslått å stryke både heile datasett fordi dei er vurdert som lite representative for fôrkvaliteten, men også verdiar for enkelt-parametrar i eitt eller fleire datasett. Dersom heile grovfôrdelen vert omstrukturert og omgruppert vil ein del av dei foreslåtte strykingane av heile datasett verte mindre aktuelt.

4.1.7 Fôrnummer 397-407; Surfôr av kløver og gras/kløver, 1.slått

(Tabell 6 og 7 i Vedlegg 1)

Gruppa omfattar ni ulike kvalitetar i høve til haustetidspunkt og kløverandel, og er basert på i alt 53 datasett.

- Til fôrnummer 401 og 403 høyrer datasett frå Økkon-prosjektet. Desse er til dels i betydeleg grad fortørka og har også avvikande gjæringskvalitet i høve til resten.
- Til same fôrnummer høyrer nokre få datasett med > 25 % kløver, for alle andre datasett er kløverinnhaldet < 25% og til dels oppgitt til < 5%.
- På grunnlag av datagrunnlaget i Fôrtabellen 2006 ser det ikkje ut til å vere nære samanhengar mellom andel kløver og proteininnhald når kløver-% er låg (Fiugur 1).
- På bakgrunn av dette verkar det lite hensiktsmessig å oppretthalde eigne fôrnummer med kløver-% under 30-30%.



Figur 1. Samanheng mellom innhald av kløver og råprotein i surfôr av 1.-4. slått. Kjelde: 101 prøver av surfôr, Fôrtabellen 2006).

Forslag:

1. *Utvide Fôrnr 405 (40-70% rødkløver v/skyting av timotei) til også å omfatte dei datasetta frå andre blandingskvalitetar med høgast kløver-innhald (>25-35%). Namnet på fôrtypen må dermed endrast (t.d. Surfôr av gras >35% kløver).*
2. *Samtidig bør det vurderast å samle blandingskvalitetar med kløver på tvers av slåttenummer, og fordele datamaterialet på to-tre kvalitetar etter utviklingstrinn eller andre, meir eigna kvalitetskriterium.*
3. *Behalde dei to typane av rein rødkløversurfôr som særskilde kvalitetar (406 og 407).*

4.1.8 Fôrnummer 412-435 Surfôr av timotei/engsvingel i reinbestand og i blanding

(Tabell 8-10 i Vedlegg 1)

Datagrunnlaget omfattar nesten 160 datasett med hovudtyngd kring middels haustetid, dvs like før og omkring skyting (Fôrnr 413, 414, 422, 424, 429 og 430).

- I ein del høve kan innhaldet av NDF synest høgt i høve til oppgitt haustetidspunkt. For datasett av noko eldre dato kan det reisast tvil om analyseresultata er pålitelege.
- Alle prøver av engsvingelsurfôr frå Vågønes under fôrnr 422 høyrer heime under 424 (hausta 1-2 veker etter skyting).
- Surfôr av timotei hausta 1-2 veker før skyting har tilsynelatande betydeleg lågare meltegrad enn engsvingelsurfôr hausta ved same utviklingstrinn. Sjølv om det kan vere vanskeleg å samanlikne to grasslag med så ulik veksemåte med kvarandre, er denne skilnaden neppe i samsvar med vanleg røynsle. I materialet frå Vågønes (Johansen og Nordang 1994) der engsvingel og timotei vart direkte samanlikna fann ein ingen vesentleg skilnad mellom dei to kvalitetane.
- Det er ei rekke døme på brist i samanhengen mellom surfôr av dei to grasslaga i reinbestand og surfôr av blandingskvalitet.
- Det visast også til kommentarar under avsnittet om gras der det er peika på manglande samsvar mellom gras og surfôr av timotei ved seinare haustetidspunkt.

Forslag:

1. *Avvente eventuelle store endringar og strykingar av enkeltparametrar eller heile datasett til vedtak om framtidig struktur er fatta, men korrigere eventuelle feil.*
2. *Alternati til omfattande strukturendring er å slå saman datasett frå alle dei tre botaniske kvalitetane (engsvingel, timotei, blanding) innom ulike hausteteidspunkt. Nytt namn på fôrkvaliteten:* ***Surfôr av engsvingel og/eller timotei….***

4.1.9 Fôrnummer 437-446; Surfôr av andre grasslag, 1.slått

(Tabell 11 og 12 i Vedlegg 1)

Datagrunnlaget for desse kvalitetane er vesentleg mindre og til dels av eldre årgang, samanlikna med timotei/engsvingel-surfôr.

- For 8 av 11 kvalitetar er gjennomsnittsverdiane basert på eitt eller to datasett.
- Surfôr av fleirårig raigras framstår med høgare innhald av råprotein enn eittårig raigras. Dette er ikkje representativt.

Forslag til alternative løysingar:

1. *Slå saman desse fôrkvalitetane med surfôr av timotei/engsvingel innom ulike haustetidspunkt. I så fall må namnet på fôrkvaliteten verte:* ***Surfôr av gras, 1.slått…..***
2. *Dei ulike fôrkvalitetane må supplerast med nye data. Viktigast er dette med omsyn til* ***engelsk raigras***

4.1.10 Fônummer 470-472; Surfôr av grasblandingar med kløver, 2.-3.slått

(Tabell 13 i Vedlegg 1)

Omfattar tre fônummer (470-472), med høvesvis 7, 19 og 5 datasett som bakgrunnsmateriale.

- Fônummer 470 er namnsett "Øko-blanding". Dette er ikkje ei ordinær frøblanding og namnet er lite forklarande med tanke på kva type fôr det er snakk om.
- Skilnader i meltegrad og energiverdi mellom 471 og 472 er ikkje i samsvar med det ein ville vente ved eit normalt (tidleg) haustetidspunkt. Dette fordi kløver har vel så høg kvalitet som gras når det er hausta rundt skyting (av timotei). Derimot går kvaliteten av raudkløveren raskt ned i samband med blomstring. Forklaringa på at kløverrikt materiale tilsynelatande har lågare meltegrad enn materiale med lite kløver kan kanskje vere sein hausting?

Forslag til alternative tiltak:

1. *Slå saman alle tre fônummer til ein kvalitet; Surfôr av gras og kløver, 2.slått (x-y% kløver)*
2.
    a. *Slå saman 470 og 471 til* ***Grassurfôr > 35% kløver, 2.slått*** *(flytte evt datasett med lågare kløverinnhald til 472.*
    b. *Slå alle datasett med <35% kløver saman med fônummer i neste gruppe (473-483);* ***Grassurfôr <35% kløver, 2.slått.***

4.1.11 Fôrnummer 473-478 og 483; Surfôr av fleirårige gras i reinbestand, 2. slått

(Tabell 14 i Vedlegg 1)

Gruppa omfattar i alt seks ulike kvalitetar, der datatilfanget er størst for surfôr av timotei og/eller engsvingel.

- Det er store hol og manglar i datagrunnlaget på ei rekke viktige parametrar for 2.slått i reinbestand av engsvingel.
- I materialet som omfattar timotei (476) er det stor variasjon mellom dei 15 datasetta som dessutan omfattar minst to konserveringsforsøk à tre ledd med konserveringsmiddel (mengd og type). Her er også datasett med høgt etanol-innhald representert.
- Det er tvil om Fôrnr 478 (Fleirårig raigras, Sør-Norge) verkeleg er fleirårig/engelsk raigras eller italiensk raigras.
- Det er ingen datasett som representerer 3.slått av fleirårige gras.

Forslag:

1. *Slå saman alle fôrnumra til foreslåtte kvalitet i avsnittet over: ein kvalitet; Grassurfôr <35% kløver, 2.slått.*
2. *Slå Fôrnr 478 saman med liknande fôrkvalitetar i neste gruppe (479-482).*
3. ***Skaffe fram nytt datamateriale for 3.slått av fleirårig gras.***

4.1.12 Fôrnummer 479-482; Surfôr av "eittårige"gras, 2.-4.slått

(Tabell 15 i Vedlegg 1)

- I praksis vert det sjeldan laga surfôr av gjenveksten etter 1.slått av italiensk raigras ettersom den i første rekke vert brukt til beiting og det høge vassinnhaldet gjør materialet vanskeleg å konservere. For westerwoldsk raigras er det derimot meir aktuelt.
- Som allereie kommentert for gras av desse artane er datatilfanget av gamal årgang og lite representativt.
- På den andre sida er skilnadene mellom italiensk og westerwoldsk raigras om lag som venta.

Forslag:

1. *Slå saman alle eksisterande datasett til to fôrnummer: Surfôr av italiensk raigras, 2.-4.slått, Surfôr av westerwoldsk raigras (2.-4.slått)*
2. *Skaffe fram nytt datamateriale som også omfattar opplysningar om innhald og kvalitet av NDF, i første rekke for surfôr av westerwoldsk raigras.*

4.1.13 Fôrnummer 490- 540; Anna surfôr

(Tabell 16-20 i Vedlegg 1)

I alt 34 ulike kvalitetar surfôr høyrer med i denne gruppa som er svært mangfaldig med omsyn til utgangsmateriale. Surfôr av dei mest vanlege grønnfôrvekstane er mellom anna representert saman med mais og potet.

- Heile 18 av 34 kvalitetar er representert på bakgrunn av eitt enkelt datasett
- Mange datasett manglar opplysningar om veksttid, haustetidspunkt og/eller utviklingstrinn. Det er såleis vanskeleg å samanlikne og vurdere både innan og mellom fôrnummer.
- Spørsmål til diskusjon: Er det aktuelt å presentere heilsæd (korn hausta i perioden mjølkemodning-gulmodning, erter hausta i perioden frå ca 50% skolmdanning til full modning) som ei eiga gruppe?
- Det er store manglar og hol m.o.t. parametrar som er nødvendige for å berekne fôrverdien etter moderne fôrmiddelvurderingsprinsipp for så godt som alle kvalitetar.
- Surfôr av bygg/fôrraps er godt dokumentert samanlikna med mange andre fôrslag, men også her manglar opplysningar om innhald og kvalitet av NDF.

Forslag:

1. *Slå saman surfôr av ulike kornslag hausta før og omkring skyting?*
2. *Slå saman surfôr av bygg/fôrraps med surfôr av havre/fôrraps innom ulike haustetidspunkt til tre kvalitetar slik:*
    a. *Korn/fôrraps v/skyting (504+511),*
    b. *Korn/fôrraps, v/deigmodning (505+512)*
    c. *Korn/fôrraps v/gulmodning (506+513)*
3. *Slå saman surfôr av nepe- og rotvekstblad, eventuelt også av beteblad til ei eller to grupper:*
    a. *Surfôr av reine rotvekstblad*
    b. *Surfôr av skitne rotvekstblad*
4. *Skaffe fram nye data for heilsædsensilasje av erter og erter i blanding med korn med utgangpsunkt i eit ikkje ubetydeleg dyrkingsomfang. Vurdere om data frå andre land kan nyttast, eller om ein må skaffe fram norske tal.*
5. *Innhald og kvalitet av NDF, samt nedbrytingskarakteristikkar av protein i surfôr av rotvekstblad – tilgjengelege data frå andre lang?*

4.1.14 Fôrnummer 598-761; Høy

(Tabell 21-25 i Vedlegg 1)

Gruppa omfattar om lag 45 ulike kvalitetar, inndelt på same vis som for gras og surfôr etter botanisk samansetjing, haustetidspunkt og slåttenummer. Dessutan er det skild mellom vanleg høy og kunsttørka høy. Stort sett gjeld dei ulike kvalitetane grashøy, men også høy av raudkløver, luserne og soleie er representert.

- Tre kvalitetar av "Blandingshøy" (hausta ved skyting og etter skyting) har i alt 27 bakomliggjande datasett, men analyser av NDF er bortimot fråverande.
- Alle andre kvalitetar er representert med svært få datasett (1-3).
- Det er store variasjonar innom kvart av dei tre nemnde kvalitetane av blandingshøy.
- Er t.d. låvetørking rekna som kunsttørking ?
- Det er ikkje konsistente forskjellar/likeheiter mellom gras og høy hausta ved same utviklingstrinn.
- Det er ein klar trend at berekna NGP gir lågare verdi enn den faste verdien 67.

Forslag:

1. *Slå saman ei rekke kvalitetar som kan samanliknast m.o.t. haustetid eller andre, meir eigna kvalitetskriterium. Dette gjeld på tvers av vanleg høy og kunsttørka høy og bør også omfatte blandingshøy med lågt kløverinnhald samt høy frå 2.slåtten.*

4.1.15 Fôrnummer 800-816; Halm

Gruppa omfattar i alt 14 ulike kvalitetar, derav 11 kvalitetar av kornhalm, ein kvalitet av ertehalm og to av gras/frøhalm. Ulike typar kornhalm er delt inn i fygljande undergrupper; ubehandla, amminoiakkbehandla, dyppeluta (med og utan urea).

Forslag:

1. *Slå saman fyljgande kvalitetar;*
    a. *800+801+802 = Ubehandla halm (av korn)*
    b. *803+804+805 = Ammoniakkbehandla halm (av korn)*
    c. *806+807+808 = Dyppeluta halm (av korn)*
    d. *814+816 = Frøhalm av timotei og engsvingel*

4.2 Eksisterande data – einskilde parametrar

Ei oppsummering av det samla datagrunnlaget for gras, surfôr og høy syner at det skil mykje på kor godt viktige parametrar er representert (Tabell 1). Tørrstoff, oske og råprotein er inkludert i dei fleste datasetta. Datatilfanget er derimot spinkelt med omsyn til innhald av karbohydrat (NDF, totalsukker, vassløyselege karboydrat) og følgjeleg også når det gjeld nedbrytingskarakteristikkar for NDF. pH-verdi er oppgjeve i nesten alle datasett av surfôr, medan andre gjæringsparametrar i varierande grad er representert.

Tabell 1. Total antal datasett (prøver) av gras, surfôr og høy, samt talet på datasett med opplysningar for einskilde kvalitetsparametrar.

	Tal prøver Gras	Tal prøver surfôr	Tal prøver Høy
Totalt tal datasett, N	142	335	148
Tørrstoff	61	315	130
Oske	110	299	129
Råprotein	121	326	135
Råtrevlar	113	287	128
NDF	**61**	**108**	17
Totalsukker	34	146	6
Vassløyselege karbohydrat	5	71	0
Gjæringsparametrar		100-300	
Nedbrytingsgrad av protein, NGP*)	109 (16)	214 (ca 100)	122 (12)
Sann meltegrad av protein, SFINP*)	107 (< 16)	230 (<100)	118 (< 10)
Løyseleg protein, LP	13	57	15
Potensielt nedbrytbart protein, PNP	13	57	13
Nedbrytingshastigheit av pot nedbr prot, KdP	12	57	13
Totalt unedbrytbart protein, TUP	5	46	4
Potensielt nedbrytbart NDF, PNDF	22	31	16
Nedbrytingshastigheit av pot nedbr NDF, KdNDF	18	26	5
Totalt ufordøyeleg NDF, TUNDF	22	29	9
FKOS	35	273	115

*) Tala i parentes gjeld nummer på datasett med "målte" verdiar

Mineral- og vitamininnhaldet er i liten grad kommentert for dei enkelte fôrslaga og talet på datasett med slike analyser er noko begrensa, særleg med omsyn til vitaminer. For å få eit godt bilete av korleis haustetida (og botanisk samansetjing) påverkar innhaldet av mineral, burde ein tatt utgangspunkt i forsøk som var lagt opp med nettopp dette som føremål og der faktorar som jord og

gjødsling ikkje påverka resultatet. Datatilfanget i Fôrtabellen er i så måte svært "tilfeldig" samansett, og med relativt få prøver bak kvart fônummer er det stor sjanse for at resultata blir lite representative.

4.3 Forslag til ny organisering av grovfôrdelen i Fôrtabellen

Reduksjon i talet på fônummer og ein ny, objektiv måte å dele inn datamaterialet på, slik at ein tydeleg får fram forskjellar i kvalitet mellom ulike haustetidspunkt av både gras, surfôr og høy vert vurdert som eit klart mål med ei eventuell omstrukturering av grovfôrdelen i Fôrtabellen. Ved å lage plot og regresejonar mellom ulike parametrar frå datamateriala i Excel, vart det klart at både meltegrad av tørrstoff og organisk stoff, samt FEm-konsentrasjonen gav vesentleg betre forklaring av variasjonen i kjemisk samansetjing enn fenologiske utviklingstrinn (lagt inn i datamaterialet med talkode).

4.3.1 Norfor

Det har vore ei klar oppmoding om å finne fram til ei framtidig løysing som i størst muleg grad samsvarer med andre oppslagsverk det vil vere naturleg å samanlikne denne fôrtabellen med, i første rekke fôrtabellen til NORFOR.

Norfor er midt inne i prosessen med utarbeidinga av sin fôrtabell. I fylgje Lars Bævre (pers. oppl.) har NORFOR tatt utgangspunkt nettopp i eksisterande datamateriale i (den norske) Fôrtabellen under utarbeidinga av sin komande fôrtabell. Forfattaren av denne rapporten har ikkje hatt innsikt i arbeidet som er utført i så måte, og det var såleis ei positiv overrasking at også NORFOR har kome fram til at meltegraden, eventuelt FEm-konsentrasjonen er eit godt eigna kriterium for inndeling av ulike kvalitetar grovfôr. For surfôr har NORFOR såleis tenkt inndeling i fylgjande fem kategoriar av 1.slått:

svært høg -,
høg –,
middels -,
låg - og
svært låg meltegrad.

Høy er foreslått inndelt i to kategoriar; høg og låg meltegrad. Det vil ikkje bli skild mellom ulikt botanisk opphav verken til surfôr eller høy, med eitt unnatak; surfôr med meir enn 50% kløver.

Sjølv om ein vil legge data både frå den norske Fôrtabellen og nyare forsøk til grunn, vil det i fylgje opplysningane også bli brukt skjønn når endeleg verdi for ein del parametrar skal fastsetjast (H. Volden, pers.med.). Såleis viser skissa/utkastet til fôrtabell at NORFOR vil oppgi faste verdiar for gjæringsparametrar, så vel som innhald av feittsyrer, aminosyrer og innhald av sukker. Det vil også bli brukt skjønn når verdiar av ulike nedbrytingskarakteristikkar vert fastsett.

4.3.2 Organisering av datamaterialet i Fôrtabellen 2006 på grunnlag av meltegrad

Det er god grunn til å rekne med at ein vil finne langt betre samanheng mellom eit objektivt mål for fenologisk utviklingstrinn og fôrkvalitet enn det ser ut til å vere når utviklingstrinnet er subjektivt vurdert. I fylgje lærebøkene er det ein klar samanheng mellom utviklingstrinn og kjemisk samansetjing av plantemateriale, og mellom utviklingstrinn og meltegrad. Det er dermed å vente at det også er samvariasjon mellom meltegrad og kjemisk samansetjing.

Det er såleis sterke argument for å bruke meltegrad som utgangspunkt for ei omstrukturering av datamaterialet innom hovudgrupper av grovfôr (gras, surfôr, høy) i Fôrtabellen. For å synleggjere resultatet av ei slik omstrukturering er det laga utkast til ny fôrtabell for (fleirårig) gras< 35% kløver, surfôr av 1.slått (< 35% kløver) og høy. Dette er gjort med utgangspunkt i eksisterande datatilfang frå Fôrtabellen 2006 ved å sjå heile gruppa under eitt, uavhengig av botanisk samansetjing. Resultatet går fram av Vedlegg 2, 3 og 4.

Eitt viktig moment å ha med seg når ein skal diskutere om dette er ein aktuell framgangsmåte, er at på langt nær alle prøver/datasett har verdiar for FKOS (eller FEm). Dette går mellom anna fram av Tabell 2. For datasett som ikkje har verdiar for desse variablane er det to alternative "skjebnar";

a) Forsvinn ut av grunnlagsmaterialet i Fôrtabellen
b) kan behaldast dersom verdiar for FKOS (og FEm) vert berekna ved hjelp av regresjonslikningar mellom andre kvalitetsparametrar og FKOS.

